

Landbrukskontora i kommunane

Vår dato: 17.03.2016
Vår referanse: 16/5346- 2
Dykkar dato:
Dykkar referanse:

Jordleigeprisar 2016

Den årlege jordleigeundersøkinga startar nå, og vi ventar like god oppslutning som tidlegare.

Resultata frå undersøkinga vert som tidlegare brukt til ulike formål her i landet, men nå vil jordleigeprisane også bli rapportert til internasjonale statistikkorgan. Landbruksdirektoratet er i ferd med å rapportere prisar for 2014 og 2015, og for 2016 vert tala levert så snart dei er ferdig utarbeida. For at kvaliteten på disse tala skal bli best mogeleg, er det nødvendig at de som rapporterer tal, gjev dei beste opplysningar som de kan. Vi ber difor om at de legg vekt på å innhente mest mogeleg representative prisar for dei produksjonane som vi ber om tal på.

Landbruksdirektoratet kjem i år til å analysere materialet som vi får inn nøyare enn tidlegare. Kommunar som ikkje svarar vil bli purra tidlegare enn før, for å få eit best mogeleg prisgrunnlag. Vi kjem også til å vende oss til nye kommunar som av ulike grunnar ikkje har vore med i undersøkinga.

Så langt som mogleg er det dei **gjennomsnittlege leigeprisane per dekar/dyr (per år)** i dykkar kommune vi ønskjer. Dette gjeld også prisar for spesialproduksjonar, der prisane ofte er høge. Landbruksdirektoratet har informasjon om at det i enkelte områder vert betalt over kr 2000,- per dekar for spesielle produksjonar. Det er viktig at også slike prisar vert reflektert i dei prisane som vert oppgitt. Dersom det vert leigd vederlagsfritt gjev de opp kr 0. Er det spesielle tilhøve knytt til leigeprisane i kommunen, ønskjer vi at de skriv ein kort kommentar til dette. Rettleiing om utfylling – sjå skjema.

Skjema kan fyllast ut elektronisk. Skjemaet finn de på vår heimeside www.landbruksdirektoratet.no eller ved å klikke på følgjande link: [Jordleigeprisar 2016](#)

For meir rettleiing om utfylling – sjå skjema.

Vi ber om at de fyller ut skjemaet og sender til oss **innan 6. april 2016**. Resultata frå undersøkinga vil bli lagt ut på heimesida vår så snart dei er klare.

På førehand takk for hjelpa.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Lasse Erdal
seksjonssjef

Anita L. Nordhaug
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.